

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Uskedalen 25.08.2015

Referat frå styremøte tysdag 18.08.2015

Triohuset kl. 18.00 – 20.00

Møtt: Gunnar Våge, Anna Prestnes, Bjarte Solheim, Anbjørn Høivik

Forfall: Steinar Bjørkelund, Henriette Seim, Dagfinn Gjerde, Anton Sjursen, Ingvar Hølland

1. Referat frå førre møte

Gjennomgang og oppfølging av vedtaka 19.05.2015.

Referatet frå førre møte vart truleg ikkje sendt styret. Det vert gjort etter dette møtet.

To hengesaker:

Budsjett 2015: Gunnar supplerer med vedtaka frå førre møte og sender vedteke budsjett til styret per epost.

Idrettsstipend: Bjarte har hatt møte med kommunen v/Linda Øen. Semje om å utvikla eit idrettsstipend a la kulturstipendet i storleik. Idrettsrådet har som oppgåve å skaffa sponsorar og ønkjer å vere jury/komite for tildeling. Kommunen vil t oppgåva som sekretariat. Bjarte tek saka vidare saman med kommunen. No er det viktig å få på plass statuttar og føremål med stipendet.

2. Forslag til vedtekter

Styret går inn for å nytta NIF si lovnorm for idrettsråd. Framlegg til vedtekter basert på dette vert å senda på høyring til medlemslaga, idrettskrinsen og kommunen med frist for uttale 1. november. Vedtektene vert lagt fram til vedtak på årsmøtet 2016.

3. Valkomite 2016

Dagfinn og Anna legg fram forslag til den tredje personen i valkomiteen. Ikkje klart enda, ein førespurd person vert lagt fram på neste møte. Viktig at ein av dei tre vert beden om vere leiar.

4. Heimeside

Utforming og oppsett. Anna har reetablert kontakt med iDrift og tilbodet frå dei står ved lag. Anna tek ansvar for vidare framdrift, Anbjørn bidreg i utforminga. Mål om å gå på lufta 15. oktober.

5. Gjennomføring av søkekurs for idrettslaga

Det vert kurs måndag 7. september kl. 19 på rådhuset. Innleiing v/ idrettsrådet (10 minutt), innleiing og opplæring v/ kommunen inntil to timar. Idrettsrådet inviterer og kokar kaffi. Minimum fem deltakarar for å halda kurset.

6. Status og orienteringar

- Mindreårige utøvarar med lita betalingssevne. Vidareføring av drøfting frå førre møte. Idrettsrådet bidro til å kopla barnefattigdomsprosjektet og fotballskulane slik at nokre barn med dårleg økonomi kunne delta. Idrettsrådet held kontakt med kommunen/NAV om dette temaet.
- Årleg drøftingsmøte med kommunen (samarbeidsavtalen) vert 29. september kl. 18 i Rosendal.

7. Ymse

- Fritidsmess 05.09.2015, påmeldingsfrist 01.09. Idrettsrådet deltek ikkje.
- Status for fordeling av LAM-midlar. Gunnar har no fått dei tilgangar han treng i Sportsadmin. Sjølv tildeling skal venteleg gjerast i oktober/november.
- Idrettsrådskonferansen 6. – 7. november, Bergen. To kan stilla med øk. dekning frå krinsen.
- KDP for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv: Rullering av handlingsdelen i haust. Skal på høyring frå 4. oktober. Prioriteringsmøte 29. september; fellesmøte idrettsrådet/kommunen. Formannskapet 5. november, kommunestyret 19. november.
- Valkamputspel. Bjarte kontaktar arrangøren av avisene sin lokalvalsdebatt med punkt om anleggsutbygging og andre vilkår for lokalidretten.
- Har skrive lesarinlegg med støtte til bygging av ny idrettshall vha. midlar frå kraftutbygging.

8. Neste møte

Tysdag 29. september 2015 kl. 18 på rådhuset (kommunestyresalen).

Ultimo november deretter. Førebu årsmøtet. Mat og juleavslutting.

Aksjonsliste

Aktivitet	Ansvarleg	Medansvar	Innan
Budsjett. Finpuss og utsending	Gunnar		01.10.15
Idrettsstipend	Bjarte		Løpande
Etablering av vedtekter for idrettsrådet	Anbjørn		Mars 16
Tredje person til valkomiteen. Peika ut leiar.	Dagfinn	Anna	29.09.15
Heimeside på lufta	Anna	Anbjørn	15.10.15
Søkekurs spelemidlar	Anbjørn		07.09.15
Lokalidrett/barnefattigdom. Kontakt med kommunen	Anbjørn		Løpande
Årleg drøftingsmøte med kommunen	Anbjørn		29.09.15
Fordeling LAM-midlar	Gunnar		04.12.15
KDP idrett: rullering handlingsdel	Anbjørn		29.09.15
Valkamputspel	Bjarte		Snarast

Ref. Anbjørn Høivik